

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 88

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Støren

Emne: Beit og Brom

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Sørstua, Haukdal

(adresse): Snøan st.

G.nr. 59 Br.nr. 3

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det er oppskrive etter samtale med fleire eldre menneskje i grenda. Fleire av desse er
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) no døde.

SVAR

1. I gammaltida var det mykje bruka å samla inn alt slag hjelpefôr frå skog og mark. Av slikt hjelpefôr var tunne kvistar av bjørk og av furrumykje bruka. Dyra tok gjerne dette føret og mykje av det verka godt på dei. Her i grenda kalla ein dette føret for "brøtt" i dagleg tale. Ein tok òg andre treslag, men bjørk og furru var det som dyra helst tok.

2. Noko serhemning for slik fôrhenting har ein ikkje havt her. Mest vanleg var det å henta det heim saman med veden. I somme høve kunne det bli henta ein^s ærend. Det var serleg tilfelle i hardaste våerknipa når høystabben "to åt å menk" og snøen enda låg alendjup kring husa. Da var karane til skogs og "to brøtt." Noko serskild køyredøring har ein ikkje havt til brøtthenting.

3. Brøtt henta ein serleg i månadane februar og mars. Når ein køyrde heim veden tok ein småtrea heile heim til gards. Av større tre hogg ein av storgreinene. Det vart betre å lessa lasset da. Brøttet vart så hogge av att med vedskjulet.

Nemninga Brom er ikkje kjend her. Det som namnet peikar på har heller ikkje vore velsett som fôr. Dyra vanda brøtt med svullne knoppar. Difor måtte ein helst sikra seg nok

2
brøtt før knoppene svall for mykje.

4. For ein eins ærend etter brøtt kunne ein bruka den vanlege lausigden. Namna som er nemnde i () i emnelista er ikkje kjende her i grenda.

Lausigden var laga av ein utslipa ljå. Ljåen var hoggen av 15 - 20 cm. frå tjoet (orvfestet) og påsett eit 25 cm. langt skaft med same retning som orvet før hadde.

5. Det var sauene og kyrne som fekk brøtt. Geitehald har ikkje vore vanleg her. Dyra fekk brøtt valla ihop som ein vanleg høyvalle. Det har aldri vore bruka å finhakka brøtt og blanda det med anna fôr.

6. Brøttaugen kunde liggja ved vedskjulet, men somme la han inn på høylemnen når det var rom til det.

Ein har aldri bruka å sleppa dyra lause bort til brøttaugen. Dei fekk det alltid i krubba eller i båsen.

7. Henting av brøtt langfredagsmorgonen har aldri vore bruka.

Brøtt hørde heime i den tida * jordbruket var meir ekstensivt drive. Det var av det slag fôr som folk nemnde "livhangel" Før 1880 var det årvisst forslag, men i dei siste 40 - 50 åra er det gått heilt av bruk.

Alle ord og nemningar som er kjende her i grenda er tatt med. Dei andre som det er spurd om er ikkje kjende.